

# ARBEID ETTER EIGARSEKSJONSLOVA § 15

Ny og omarbeidd seksjoneringslov trer i kraft frå 01.01.2018, inklusiv endra heimel for gebyr.

## 1. Alminnelege reglar

- 1-1 Gebyret gjeld saksbehandling etter lov om Eigarseksjonar av 16.06.2017 nr. 65.
- 1-2 Gebyret er inklusiv utskrift av matrikkelbrev og eventuell befaring av eigedomen.
- 1-3 I tillegg til gebyra her, kjem tinglysingsgebyr og eventuell dokumentavgift ved overføring av eigedomsrett.
- 1-4 Gebyret er unnateke meirverdiavgift.
- 1-5 Om søknaden blir avslått, blir det rekna fullt gebyr.
- 1-6 Om søknad om seksjonering eller reseksjonering blir trekt før den er behandla eller av andre grunner ikkje kan behandlast, blir det rekna halvt gebyr.
- 1-7 Om kommunen pålegg seksjonssameigarar å reseksjonere, blir det rekna fullt gebyr.
- 1-8 Om det er stort sprik mellom det arbeidet kommunen har og storleiken på gebyret, kan kommunen på eige initiativ fastsetje eit anna gebyr ut frå tida som er brukt; timesats 900 kr.

## 2. Søknad om seksjonering og reseksjonering

- 2-1 Seksjonering av nybygg og eksisterande bygg; inntil 4 seksjonar: 7 000 kr  
Tillegg for kvar seksjon over 2 seksjonar: 500 kr per seksjon.
- 2-2 Reseksjonering inntil 4 seksjonar: 9 000 kr  
Tillegg for kvar seksjon over 2 seksjonar: 700 kr per seksjon.

## 3. Oppretting av utandørs tilleggsareal

Oppretting eller endring av utandørs tilleggsareal blir gjennomført ved ein oppmålingsforretning jfr. matrikkellova § 6, 1. ledd, bokstav e, og kjem i tillegg til gebyr etter p 1 og 2.  
Gebyr for utandørs tilleggsareal per eigarseksjon: 60% av tilsvarande gebyr etter matrikkellova.

## 4. Oppheving av seksjonering

- Behandling av melding om oppheving av seksjonering: 5 000 kr
- Det skal ikkje betalast tinglysingsgebyr ved oppheving av seksjonering.